

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 18. desember 2018 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg

Frå administrasjonen møte

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen (etter fullmakt frå administrerande direktør)

Også til stades

Underdirektør Helga Daae
Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden og frå administrerande direktør. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum blei valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 25 S (2018–2019) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet*, jf. Innst. 114 S (2018–2019). Her er det vedtatt å auke ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 450 mill. kroner frå 683 mill. kroner til 1 133 mill. kroner ved utgangen av 2018. Endringa skuldast at pensjonspremien er auka med 450 mill. kroner i forhold til det som tidlegare er lagt til grunn.

Helse Vest RHF sin del av denne justeringa utgjer 85 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2018 vert justert frå 130 mill. kroner til 215 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert auka med 85 mill. kroner frå 130 mill. kroner til 215 mill. kroner.

Møtet vart heva kl. 12.15.

Oslo, 18. desember 2018

Målfrid Bjærum

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar
